

Norsk i høgsetet på skulen idag

25.11.2013



Mona Vetrhus var flink til å engasjera elevane

Det skjer stadig noko spennande på skulen og denne dagen har vore norsk temadag med engasjerande gjestelærarar utanfrå. Flinke og vakne elevar har møtt vår lokale lyikar Mona Vetrhus og Anna Ingeborg Bjørnebøle frå Omvikdalens og dei to partane hadde uten tvil utbytte av timane kvarandre. uskedalen.no som var fluge på veggen ei stutt tid kunne raskt slå fast at kontakten var den aller beste. Spørsmål gjekk som pingpongballar mellom lærar og elevar.



- og Anna Ingeborg var flink til å engasjera elevane

- Kjempekjekt var ordet Mona brukte etter møtet med elevane i to puljar. Ho fortalte dei at ho skreiv dei første dikta sine på denne skulen og dei 2 partane var samde om at det var naudsynt med både penn, papir, innleining og fantasi når ein vil freista å vera lyrikar. Det var dei forresten saman og resultatet vart svært vellukka!
- Det er ei stor oppleving å få koma heim og vera lærar, sa Mona som trivdes i denne nye rolla.

Anna Ingeborg trivdes i rolla som formidlar av kunnskap om gamle dagar. Ho har to borneborn i skulen vår, Ingeborg og Karsten, og dei er med rette stolte over bestemora som har ein eigen evne til å engasjera ungane. Rektor Marie Elisabeth Kaldestad er på si side takksam for at Anna Ingeborg alltid stillar opp når ho vert spurd.

Også ho var imponert over kor flinke elevane var til å stille kloke spørsmål.

Men det stoppar ikkje med 'gjesteførelesarane'. Heile skulen er prega av norskfaget i dag - til dømes av drama og teikneseriar. Men prosjektleiar Marit Larsen strekar under at ein dag som denne også har eit vidare perspektiv - han skal fremja vennskap og eit godt klima.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



- Evne til innleving er viktig for ein lyrikar, seier Mona, her med bart